

## EVENTYR I LEIKEBUTIKKEN

I dag skal me ta oss ein tur i leikebutikken. Det fyrste me møtar på er ein ball som spertter nedover gangen. (**Sprette som ein ball, Styrke strekkmuskulaturen**) Ballen den blir lei av å sprette, og bestemmer seg for å rulle vidare på ferda (**Liten og rund rull forsiktig, Leddutslag i virvelsøylen**). Når den ruller rundt hjørnet møt me ein flokk med tinnsoldatar (**Gå rundt uten å koma nær nokon, Ta hensyn til kvarandre**). Dei er på veg til nikkedokkene for å drikke te ( **Nikke med hovudet, Bevegelighet øverst i nakken**). Men, hysj, høyre dykk den lyden? Det er eit helikopter som flyr og passar på att leikene oppfører seg (**Armane er propell, Leddutslag i skulderleddet**). Me får lov til å vera med helikopteret på turen vidare, og når me flyr over den lengste hylla ser me plutseleg ein snurrebass som snurrar på toppen av hylla (**På baken, løft beina, styrking av bukmuskler og hofteladdsbøyere**) Den står og snurrar ei stund før den får besøk av ein annan snurrebass (**På magen, løft armer og bein, Styrke ryggmuskle**). Dei snurrar så mykje at ei snurrar av hylla, og der møtar me på ein sprellemann (**Hopp og sprett og sprell, røre på heile kroppen**). Imens me følgjar etter sprellemannen bortover golvet svever det ein ballong oppe i lufta (**Du er ballongen som blir fylt med luft, mime/ drama**). Men kva er det me ser der framme? Eit stort tungt og rufsete troll ( **Gå tungt som eit troll, Få fram kontrastane mellom tunge og lette bevingar**), og bak trollet kjem det ein liten søt alv (**bevege deg lett som ein alv**). Trollet og alven danser i lag, alle er glade og nøgde. Borti svingen kjem den ein bil. VROOM! (**Være bil, ikkje knærne ned i gulvet, gjerne med lyd, Hjelper på armstyrken**). Der er mangen leiker i butikken, og me har ikkje tid til å helse på alle, men kanskje du har nokon favorittleiker? (**Barna kjem med egne leiker, setter fantasien i sving**). Oi, oi! Det var mange kjekke leiker, men nå er det natt i leikebutikken og alle leikene vil sove. (**Alle legger seg ned og kviler, gjerne med rolig musikk, Roleg avslutning, kroppen får slappe av.**) Go natt!